



ÅRSPLAN FOR RØRSTADMARKA SFO 2023/2024

I ÅRSPLANEN VIL DE BLANT ANNA
FINNE INFORMASJON OM
MÅLSETTING, RAMMEPLAN,
DAGSRYTME, AKTIVITETAR OG
PEDAGOGISK FORMÅL



Definisjon og formål

Overordna mål for verksemda finn vi i Opplæringslova § 13-7:

«Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».

I retningsliner for SFO i Sula heiter det at «SFO i Sula skal vere eit pedagogisk stimulerande omsorg- og fritidstilbod for barn på 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1. til 7. årstrinn».

Målsetjing

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men også ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir derfor vektlagt på SFO, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter eigne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleiing av ein vaksen dersom det trengs. Gjennom leik får barna vere ilag og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

SFO følgjer same ordensreglane på området som elles gjeld ved Rørstadmarka skule, noko som gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Rørstadmarka SFO skal vere ein trygg og god stad der barnas ynskjer og behov blir vektlagd. Organiseringa av dagen skal pregast av barnas behov for leik, kulturaktivitet og sosial læring. Barna er spontane vesen, så det må vere rom for å endre planar etter dei ynskjer og impulsar barna har den aktuelle dagen. Dei vaksne ved SFO vil gi tilsyn og omsorg slik at barna føler tryggleik og trivsel ved skulefritidsordninga.

Sjå sula.kommune.no for vedtektene til SFO.



Personalet

Rektor: Janne Lise D. Lundbø

SFO- leiar: Renate Myklebust

Baseleiar: Elisabeth Skram

Assistentar og fagarbeidarar:

Siv K. Veddegjerde

Kirsti Hatlebakk

Liv – Hanne Tørrisen

Karina Saugestad

Mariann Aakernes Urke

Kristin Johansen

Gunn Vedlog

Margareth Abelseth

2 nye tilsette frå 1.8.23 kjem

SFO har også tidvis vikariat ledig, vi har personar frå NAV eller BRISK og nokre gongar har vi også lærling med oss. Vi har faste og trygge tilkallingsvikarar, som barna kjenner godt.

Dei som jobbar i SFO har deltidsstillingar, som dei kombinerer med å vere assistent i skulen.

I tillegg til planleggingsdagar har vi ein time med samarbeidstid kvar veke. Der går vi igjennom SFO-veka og får den informasjonen vi treng i forhold til skule/SFO.



Velkommen til Rørstadmarka SFO

Den første tida på SFO

Oppstart på skule og SFO er nytt og spennande, både for barn og foreldre. Erfaringa vår visar at overgangen frå barnehage til skule som regel går mykje lettare enn man først hadde sett for seg.

SFO året startar 1. august kvart år (for skuleåret 2023 er oppstart tirsdag 1. august). De foreldre vil bli spurt om når de ønskjer å nytte plassen på SFO, men vi anbefalar å starte tidlig i august. Erfaringsmessig ser vi at dei barna som startar før skulestart føler seg tryggare på dei vaksne, på lokala våre og dei dannar vennskap allereie før oppstart til nytt skuleår.

Når barnet dykkar har sin første dag på SFO kan det være lurt å være der saman med barnet ei stund. Det er ulikt kva eit barn treng av støtte frå dei nære omsorgspersonane og vi tenker at de veit best kva barnet har behov for. Nokon barn treng mykje støtte og kortare dagar, medan andre er klare for SFO og den nye skulekvardagen utan så stor støtte. Begge delar er like normalt, det viktigaste er at vi møter barnet der det sjølv er i utvikling og modningsnivå.

Uterommet blir mykje brukt både i skule og SFO. Det er difor viktig med gode klede for årstida. Barna er også mykje ute på skulen, så nok skift både knytt til utekle og inne kle er viktig. Fint om barnet dykkar har; To fulle skift i korgene som er i garderoba, inne sko, ute sko, støvlar, regndress, vinterdress, to par luer og 2 par vottar.

På SFO serverar vi varmmat ein gong i veka og brødmåltid ein gong i veka. Om barnet ikkje likar det vi serverer får dei eit knekkebrød med pålegg istadenfor. Barnet treng difor matboks 3 gongar i veka. Om barnet skal ete frukost på SFO må dei ha med seg mat til dette. For nye 1 klassingar kan det ofte være vanskeleg å rasjonere maten utover dagen. Vi anbefalar difor at barnet har 3 matbokser (ein til frukost, ein til mat på skulen og ein til mat kl 14 på SFO) i sekken sin slik at dei veit kva som skal vere til kva måltid. Drikkeflaske/kopp er også lurt å ha med.


Den første veka i august vil vi fokusere å bli kjent og vil derfor nytte skulen sitt område i stor grad. Vekeplan eller beskjedar knytt til måltid og aktivitetar kjem fortløpande på IST Home, det er derfor viktig at de loggar inn 1.8 for å sjå at de kjem inn og får viktige beskjedar tilsendt.

Vi ønskjer dykk velkommen til Rørstadmarka SFO!

Mvh

Renate Myklebust

SFO leiar

<p>August</p> <ul style="list-style-type: none"> - SFO åpner 1.8 - Første skuledag 21.8 <p>Vi brukar august til å bli kjent med barna og dei med oss. Vi skal bli kjent med rutiner og kvardagen på SFO. Barna i 2, 3 og 4 klasse vil ha tur dagar, slik at dei nye 1. klassingane får bli trygge på området.</p>	<p>September</p> <p>Satningsområde for september er:</p> <p>Gi rom for den frie leiken i eit trygt og godt miljø. Vi skal trene opp grunnleggjande leikekompetanse.</p>	<p>Oktober</p> <ul style="list-style-type: none"> - Haustferie veke 41 <p>Vi fortsett med same satningsområde som vi hadde i september.</p> <p>SFO arrangerar haustfest i SFO tida. Barna får tilbod om å lage egne masker på SFO.</p>	<p>November</p> <p>Dei som ønsker det får lage farsdagskort.</p> <p>Vi startar forberedelsane til jul.</p>
<p>Desember</p> <p>Tema: Julekos</p> <p>Vi har juleverksted der barna får lage julepynt og julegave.</p> <p>Alle barn skal få pynte pepperkakehjerter som dei får med seg heim.</p> <p>Vi har nissefest på SFO.</p> <p>Siste skuledag før jul er 20.12. SFO held åpent fram til 22.12 – stengt i romjula.</p>	<p>Årshjulet</p> <p>Rørstadmarka SFO</p> <p>2023 – 2024</p> 		<p>Januar</p> <p>Satningsområde for januar er:</p> <p>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede.</p> <p>Planleggingsdag 2.1.24</p>
<p>Februar</p> <p>Satningsområde for februar er:</p> <p>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede.</p> <p>Vinterferie veke 8</p>	<p>Mars</p> <p>Tema: påske.</p> <p>Vi skal forberede oss til påske med ulike aktivitetar.</p>	<p>April</p> <p>Satningsområde for april er:</p> <p>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede.</p> <p>Påskeferie: 25.3 – 1.4</p>	<p>Mai</p> <p>Tema: 17. mai</p> <p>Vi har ulike formingsaktivitetar til 17 mai.</p> <p>Planleggingsdag i mai er lagt til 10.5.24.</p>
<p>Juni</p> <p>Satningsområde i juni er: Nærmiljøet</p> <p>Siste skuledag 21.6. SFO held åpent ut juni</p>		<p>Juli</p> <p>SFO er stengt heile juli månad.</p>	

Barnegruppa

For skuleåret 2023/2024 blir det ca 95 barn på SFO.

Lokalitetar

Vi har eigen SFO-base på Rørstadmarka skule, som ligg ved sidan av 1. klasse rommet. Her har vi eige opphaldsrom, kjøkken og grupperom. På grunn av stort antal med barn på SFO kjem vi også til å nytte 1. og 2. klasserommet ved blant anna frileik, formingsaktivitetar og måltid. Vi har også fri tilgang til skulen sine andre lokalitetar som sløyd, formingsrom, naturfagrom, gymsal (hall), blackbox og skulekjøkken. «Hjarterom» som ligg ved SFO basen vil også bli flittig brukt av oss.

Henting og levering

Når du leverer barnet ditt på SFO på morgonen vil der stå ein tilsett som tek i mot ved garderoba. Om den tilsette som skal ta i mot er opptatt med ei anna levering er det fint om du ventar i garderoben til den tilsette er klar til å ta i mot ditt barn. Om barnet ikkje har ete frukost kan ein ha med medbrakt matboks. Ein kan ete frukost mellom 07.15 – 08.00. Det vil ikkje være mogleg å ete frukost etter 08.00 då vi går ut mellom 8.00 – 8.30. Om vêret ikkje tillèt det, bruker vi hallen eller basen fram til skulestart.

Når du skal hente barnet ditt, vil der stå ein vaksen ved garderoba som har ansvar for å krysse ut barnet. Ta aldri med deg barnet om den tilsette ikkje har fått beskjed. Fint om du tek av sko eller tek på skotrekk før du går inn. Barna er på ulike aktivitetar, men den tilsette som står med utkryssing i garderoba veit kvar barnet ditt er. Om vi er ute når du hentar går du til ein vaksen som hjelp deg. Fint om du følgjer med på månadsplanen på kva aktivitetar vi har dei ulike dagane. Om barnet ditt er på tur i skogen sender vi ikkje dette barnet tilbake til skulen aleine pga. henting. Du kan legge inn avtalar på om barnet skal gå heim sjølv, men dette vil det kome meir informasjon om seinare i årsplanen, under IST Home.



IST Home

Når barna kjem om morgonen eller går heim etter skuletid, blir dei registrert i IST Home.

Som føresett må du før skulestart legge inn opphaldstid på når barnet ditt skal nytte SFO, du kan endre opphaldsplan før den 1. i kvar måned. Om ein har plass på 12 timar eller 15 timar kan ein legge inn talet på timar opp til den plasstypen barnet ditt har. Ein må også legge inn lik tid for opphald kvar veke. Om ein har full plass kan ein nytte heile opningstida til SFO. Sjølv om ein har full plass er det fint om føresette legg inn faktisk behov i appen, under opphaldsplan. Om tida vil bli ulik frå veke til veke kan ein legge inn den fulle opningstida til SFO. SFO leiar vil hjelpe deg med dette, om ein synes det er vanskeleg.

Om barnet er sjuk eller skal ha fri må ein registrere dette i appen.

Om barnet skal bli henta av andre enn føresette må dette leggest inn i appen.

Om barnet skal være med nokon heim etter skule eller SFO, må dette leggest inn i appen.

Om barnet skal gå heim sjølv, må dette leggest inn i appen. Vi vil ved slike høve hjelpe barnet med sekken og sjå til at alt er greitt, men vi har ikkje moglegheit for å sjekke korger, klede osv – då må ein hente barnet sjølv.

Barna har ikkje lov å ringe heim for å lage nye avtalar i SFO tida. Mobil eller smartklokke skal ligge i sekken avslått så lenge barnet er på skulen sitt område.

Skulefrie dagar

Skulefrie dagar er når skulen har stengt, men SFO er opent.

Vi held opent/stengt:

- August før skulestart – Vi har 3 dagar planleggingstid før skulen startar saman med lærerane – 16.8, 17.8 og 18.8. SFO er stengt desse dagane.
- Haustferie: Veke 41.
- Jul: SFO held opent frå skulen stenger, fram til litlejulaftan. Romjul er stengt.
- Vinterferie: Veke 8.
- Påske: Skule og SFO er stengt.
- Juni – etter siste skuledag. SFO held opent etter skulen stenger og fram til 30. juni.
- SFO held stengt heile juli måned.
- SFO har 2 planleggingsdagar utanom dei 3 som er lagt til august. Desse vil bli lagt ut i IST home og du finn dei i skuleruta.

Om vi er færre enn 5 påmeldte barn i feriar, må SFO stenge – jamfør vedtekter i Sula kommune.

Elevar med full plass kan nytte opningstida alle skulefrie dagar.

Elevar med 12-timars plass, kan nytte SFO 2 dagar pr. veke i skulefrie periodar.

Elevar med 15-timars plass, kan nytte SFO 3 dagar pr. veke i skulefrie periodar.

Elevar med redusert plass (12t og 15t) kan kjøpe enkeltdagar om ein treng, men dette må avtalast i god tid før ferien.

Påmeldingsfrist for skulefrie periodar:

- August før skulestart: 15. juni
- Haustferien: 15. september
- Jul: 15. november
- Vinterferien: 15. januar
- Juni etter skuleslutt: 15. mai.

Det vil ikkje være mogleg å melde på barn etter fristen – jamfør vedtekter til Sula kommune.

Dagsrytme

7.15 – 8.00	Frileik på basen og medbrakt frukost (7.15 – 08.00) for dei som ønskjer det.
08.00 – 08.30	Uteleik eller i hallen ved stygt vêr.
12.30 NB! Kun fredagar	SFO opnar for 1. klassingar
13.15	SFO opnar.
13.20 – 13.45	Uteleik/frileik
13.50 – 14.15	Måltid. Sjå på månadsplanen når vi serverer mat og når de må sende med matboks.
14.15 – 15.00	Aktivitetar frå månedsplan
15.00 – 16.15	Frileik inne/ute
16.15	SFO stenger

Kulturskuletimar blir gjennomført i SFO-tida, og vi legg då opp til at dei barna som skal delta der, er på skulen sitt område dei dagane dei har speletimar.

Måltid

Frukost:

Dei barna som kjem på SFO før skuletid har tilbod om å ete matpakken sin, som dei har med heimanfrå.

Ettermiddagsmat:

To dagar i veka få barna mat frå SFO. Vi serverer varmmat ein gong i veka og knekkebrød/havregryn + frukt ein dag. De vil sjå på månadsplanen når det blir servert mat. Dei tre andre dagane må barna sjølv ha med ekstra matpakke.

Mange av barna brukar drikkeflaska si til dette måltidet også. Vi har koppar til dei som ikkje har/vil bruke drikkeflaskene.

Vi har ein knekkebrødpakke på lur, i tilfelle det er nokon som har ete opp all maten sin før måltidet på SFO. Vi anbefalar alle å ha maten tydeleg avdelt, anten med to boksar eller at der er to bur i boksen. På denne måten er det klarare for barna at noko av maten skal sparast til ettermiddagen.

Vi har som regel at alle sitter til bords til alle er ferdige med å ete.



Aktivitetar

Barn lærer gjennom leik, og brukar leik til å bearbeide opplevingar. Dei vaksne på SFO legg til rette for at barna skal få utfolde og utvikle seg i SFO tida. Då SFO er ein del av fritida til barna står frileik og egne val i sentrum, men då sjølvsagt i trygge og organiserte rammer. Vi legg vekt på at vi er til stades for barna og prøver å skape eit triveleg miljø for både små og store. Vi jobbar med å skape gjensidig tillit og ha respekt for kvarandre. Vi vil at barna skal ha ein trygg og kjekk plass å vere.



Vi brukar å dele oss i grupper. Kven som er i dei ulike gruppene varierar, da vi treng tid for å sjå kva som er mest hensiktsmessig for barna. Aktivitetane vil vere tilpassa alder og funksjonsnivå. Vi vil tilby barna forskjellige aktivitetar, blant anna forming, sløyd, gymsal, matlaging osv, men sidan det er ei skulefritidsordning får barna sjølv velgje om dei vil vere med på desse aktivitetane eller om dei vel frileik.

Gruppene har stort sett utetida si felles, men dei vil ha ulike aktivitetar gjennom veka.

På turdagar er vi tilbake på skulen sitt område rundt klokka 15.00. Dersom barnet må hentast før denne tid kan det vere greitt å ta kontakt med SFO, så avtalar vi alternativ plass der barnet kan bli henta eller at barnet blir igjen på skulen sitt område. Følg med på månadsplanen om vi skal på tur.

Rammeplan for SFO

Hausten 2021 fekk SFO rammeplan. Den nasjonale rammeplanen skal bidra til eit meir likeverdig tilbod på SFO. Rammeplanen skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Den legg også til rette for at barna får omsorg og tilsyn dei treng.

Rammeplanen baserer seg på opplæringslova §13-7, kommunelova § 23, opplæringslova § 9A, barnevernlova § 6-4, FN's konvensjon om barnets rettigheitar og ILO – konvensjon om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

Rammeplanen for SFO består av seks kapittel:

- 1: Om rammeplanen for SFO
- 2: Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag
- 3: Innhaldet i SFO
- 4: Ein inkluderande SFO
- 5: Samarbeid i SFO
- 6: Kvalitetsutvikling

Sjå tabell for korleis Rørstadmarka SFO vil jobbe med rammeplanen, endringar kan komme.

Tema i rammeplanen	Kva sei rammeplanen (Utdrag av denne, sjå udir.no for fullstendig innhald).	Korleis skal vi jobbe med dette på SFO
2.2 Eigenverdien til barndommen	<p>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn.</p>	<p>Rørstadmarka SFO set foreldresamarbeid høgt og alle foreldre kan ta kontakt med SFO-leiar eller baseleiar når dei ønskjer. Vi prøver så langt det lar seg gjere å oppfylle behov som barna har.</p> <p>På Rørstadmarka SFO set vi opp aktivitetar barna kan velje mellom og barna får sjølv bestemme kva aktivitet dei skal være med på. Aktivitetar som t.d. tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er fysiske grunnar for dette. Vi jobbar mot barn sin medverknad samtidig som vi har fastsette aktivitetar alle skal være med på. Om eit barn ønsker å kvile seg med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God kommunikasjon med barna vil være avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.</p>
2.3 Tryggleik, omsorg og trivsel	<p>SFO skal ivareta og møte barn sine behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrslø og anerkjening. Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte i å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg.</p> <p>SFO skal fremje barna si fysiske og psykiske helse og bidra til at dei opplev glede og meistring.</p>	<p>Ved å vere tett på barna og ha dei same barnegruppene over tid, lærer dei tilsette barna å kjenne, og barna føler seg trygge på den vaksne. På SFO deler vi kvart år inn faste barnegrupper. Barna vil bli trygge på gruppa si og dei vaksne som er i gruppa. Det er ulikt frå år til år korleis gruppene blir lagt opp. Vi fastsett gruppene i august når vi ser samansetninga av barnegruppa. Ved å være tett på barna ser vi dei ulike behova samtidig som vi kan støtte, oppmuntre og gi den omsorga barnet treng.</p> <p>Fysisk fostring er viktig for barn; både fysisk og psykisk. Barna opplev meistring, samhald, tilhøyrslø og vennskap. Gjennom ei veke på SFO legg vi til rette for mykje utetid, tur dagar og gymsalaktivitetar. Slik vil vi tilrettelegge for at barn får utfolde seg fysisk, dette vil også påverke den psykiske helsa til barnet.</p>
2.4 Mangfald og inkludering	<p>Respekt for ulikskap og anerkjening av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO.</p>	<p>Gjennom samtalar med barna legg vil til rette for ulikheiter og mangfald.</p> <p>Barn med utfordringar blir anerkjent for den dei er og det dei treng. Andre barn på gruppa blir rettleia om dei har spørsmål dei lurar på.</p>

		<p>Alle barn er ulike på kvar sin måte, og vi lærer alle barn at vi skal respektere og anerkjenne alle.</p> <p>Vi jobbar for eit inkluderande fellesskap der barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og respekt for andre.</p>
2.5 Skaparglede, engasjement og utforskartrang	<p>Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjement og utforskertrongen til barna skal SFO gi en god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO.</p> <p>SFO skal prioritere tid og rom for leik.</p>	<p>På Rørstadmarka SFO skal vi ha varierte aktivitetar gjennom veka. Nokre er sjølvvalt, men aktivitetar som til dømes turdag er aktivitet som vi ønsker alle skal være med på. Vi set barna sin medverknad høgt i alle typar leik. Vi set av mykje tid til både inneleik og uteleik der faste vaksne er til stade og støttar barna i det dei treng.</p>
2.6 Demokrati og fellesskap	<p>SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.</p>	<p>Vi jobbar med dette kontinuerleg, i samtalar saman med barna og «her og no» situasjonar.</p> <p>Alle barn skal føle at vi vaksne høyrer på kva dei vil seie, samtidig må barna lære seg at det ikkje er alltid dei får det slik dei ønskjer.</p> <p>I val i ei gruppe får fleirtalet bestemme – demokratiet.</p>
2.7 Berekraftig utvikling	<p>Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar eit berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.</p>	<p>Vi legg alltid vekt på at vi skal rydde opp etter oss når vi er ute og på tur. Inne kildesorterer vi matavfall, restavfall og papir. Ein gong i året på våren, går vi tur å ryddar opp i vegkanten og i fjøra.</p>
3.1 Innhaldet i SFO	<p>SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.</p>	<p>Gjennom veka har vi aktivitetar som inne/ute leik, gymsal, formingsaktivitetar, tur, sløyd osv. Vi skal sette opp barnegrupper som gir god samhandling innad i gruppene. Alle skal få medverke til eigen kvardag.</p>
3.2 Leik	<p>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal kvar dag ha tid og rom til leik. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.</p>	<p>Vi legg opp til variert leik gjennom året. Dei vaksne er tett på for å fange opp det som skjer.</p> <p>Den frie leiken er sentral på SFO, då dette er eit fritidstilbod. Barna skal trivast på SFO og dei skal halde på med kjeke aktivitetar saman med andre barn. Leik fremjar barnet si</p>

		utvikling og forskning viser at barn lærer bedre om dei har tilgang til leiker.
3.3 Kultur	SFO skal legge til rette for at barna får delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar.	SFO samarbeida med kulturskulen i Sula. Vi legg også opp til formingsaktivitetar gjennom veka som barna kan velje å være en del av. Barna blir kjent med ulike materialer, får lære ulike teknikkar og ferdigheter. Det er viktig at barn får uttrykke seg gjennom skapande aktivitetar.
3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	SFO skal være en arena for daglig fysisk aktivitet som bør fremje barna si rørsleglede og motoriske utvikling. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.	Rørstadmarka SFO sett rørsleleik høgt og bruker derfor mykje tid ute på skuleplassen der vi legg til rette for ulike typar rørsleleik. Vi brukar idrettshallen og nærmiljøet. For å fremje aktivitetslyst legg vi vekt på at barna får være med på å bestemme. Dei kan i nokre tilfelle få bestemme for eksempel kvar turen skal gå eller kva vi skal gjere på tur. Eit anna eksempel er at dei får velje kva aktivitet vi skal ha i idrettshallen.
3.5 Mat og måltidsglede	SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevaner. Barn skal få tilstrekkelig tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan vere matpakke eller mat servert av SFO.	Vi serverer varme måltid, brødmåltid og frukt på SFO. Vi legg vekt på sunne alternativ og at barna sjølv skal vere delaktige i å lage til maten. Erfaring viser at nokon klasser/grupper treng ekstra ro rundt måltida for å klare å fokusere på maten. Vi legg derfor opp til at dei vaksne enten fortel ei historie, les bøker eller at barna får sjå serie under måltidet. Vi prøver å finne seriar/filmar som passar til temaet vi held på med.
4 Inkluderande SFO	SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrse og sosialt fellesskap med andre barn og personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjening av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i i og tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheit for deltaking og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.	På Rørstadmarka SFO har vi stor takhøgde for at vi alle er ulike og dette er noko vi snakkar med barna om heile tida. Vi legg til rette for at alle skal føle seg anerkjent og respektert, både blant barn og personale. Vi har tett foreldrekontakt slik at vi lettare kan fange opp om nokon ikkje føler seg som ein del av mangfoldet. Gjennom ei veke på SFO har vi ulike aktivitetar og ulike grupper, barna vil då oppleve å kunne danne vennskap på tvers av aldersgruppe. Dei vaksne på Rørstadmarka SFO legg til rette for ulike leikeaktivitetar og

		retteleiar/observerer barn som treng det i den sosiale leiken.
5.1 Samarbeid i SFO	<p>Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar.</p> <p>Barna sine foreldre/føresette er sentrale samarbeidspartnarar i arbeidet med å ta i vare barnet sitt beste. SFO skal leggje til rette for god dialog mellom foreldre og personalet.</p>	<p>Rørstadmarka SFO prøver så langt det lar seg gjere å møte foreldre og barn kvar morgon, også ved henting. Då gir vi beskjed om noko har skjedd og foreldre kan gi beskjed om det er noko dei ønskjer å snakke om.</p> <p>Vi har tett samarbeid med kontaktlærer og helsesjukepleiar på skulen om det skulle være noko. Vi er også deltakarar i ulike samarbeidsmøte.</p>
5.2 Overgang barnehage - skule	SFO skal samarbeide med barnehagen og skulen om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.	SFO-leiar er med på overføringsmøte mellom barnehage og skule.
6.1 Kvalitetsutvikling	<p>Eigar og alle som arbeider i SFO, skal saman bidra til å oppfylle måla i rammeplanen med utgangpunkt i sine erfaringar og sin kompetanse.</p> <p>SFO skal være eit fellesskap og ein lærande organisasjon, som jamnleg vurderer og vidareutviklar sin praksis.</p>	SFO har møte kvar måndag for å legge planar for veka. Vi legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon rundt drifta vår.
6.2 Planarbeid	Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.	Rørstadmarka SFO leverer ut ny års plan ved skulestart kvart år.



Planar

Årsplan blir delt ut ein gong i året.

Månadsplanen vil de finne på IST home appen i starten av kvar måned.

På planen vil de finne informasjon om kva vi tenkjer skal skje den komande månaden, men det kan bli endringar.

Meldingar

Det er viktig med eit tett og godt samarbeid mellom SFO og foreldre/føresette. De skal føle at barna er trygge her, så gjer vel å ta kontakt om det er noko de ønskjer vi skal ta omsyn til.

SFO sender melding heim om det er nødvendig.

Gje beskjed om barnet ditt skal gå heim aleine, på IST Home appen.

Vi vil ikkje ta omsyn til munnlege beskjedar frå barna.

Ønskjer de ein fast avtale om heimsending av barnet, så ta kontakt eller legg dette inn i IST Home. Vi kan til dømes ha avtalar på at barnet skal gå heim til eit fast tidspunkt kvar dag, eller enkelte dagar. Faste avtalar som skal gjelde over lengre periodar.

Det er viktig at barna føler at dei blir tatt i vare, så vi har eit tett samarbeid med skulen. SFO gir meldingar til kontaktlærer, skriftleg eller munnleg. Kontaktlærer gir meldingar til SFO etter skuletid om det skulle vere noko.

Utstyr til barna

Erfaring viser at barna i periodar har mykje våte kled, då dei er ute mange gongar om dagen. Det kan derfor være lurt å ha fleire skift med utklede. Dette er ikkje eit krav, men vi opplev at barna har det kjekkare ute med gode, tørre klede.

Ha elles med:

Matpakke

Innesko/gymsko

Ytterkle etter årstida (regnklede/støvlar, vinterkldee/vottar/luer)

Ekstra klede – frå innerst til ytterst.

Husk å merke klede og utstyr godt!

Betre med eit skift for mykje – enn eit for lite ☺

Prisar og plassar

Sjå sula.kommune.no for prisar, ulike plassar og redusert foreldrebetaling.

Kontakt:

Telefonnummer:

Tlf. SFO leiar: 95710202

Basetelefon: 95710221

Tlf. rektor: 95710200

E-post:

SFO leiar: Renate.myklebust@sula.kommune.no

Baseleiar: Elisabeth.skram@sula.kommune.no

Rektor: Janne-Lise.d.lundbo@sula.kommune.no

Vi håper på eit godt samarbeid!

Vennleg helsing frå alle ved Rørstadmarka SFO

Renate Myklebust

SFO leiar

